

## SAK 07/19 – ENDRING AV FINANSIERINGSMODELL

Grunna varsla endringar i kommunestrukturen starta IKAMR arbeidet med ny modell for eigartilskot i 2017. På representantskapsmøte i 2018 vart dei økonomiske konsekvensane av kommunereforma frå 2020 presentert. Det vart informert om at styret ville komme med forslag om ny og meir robust modell for eigartilskot for selskapet gjeldande frå 01.01.2020.

I utarbeiding av forslag til ny modell har det vore lagt til grunn at selskapet skal stå igjen med same eigartilskot frå 01.01.2020 som frå 01.01.2019.

Styret har ugreidd tre ulike modellar for eigartilskot for selskapet:

1. Dagens modell med eit fast grunnbeløp og eit fast innbyggjarbasert beløp
2. Fast tilskot pr. innbyggjar
3. Tilskot pr. innbyggjar fordelt etter innbyggjarintervall

Modell 1 er ikkje robust i forhold til framtidige endringar i kommunestruktur. Modell 2 blir kostbar for dei største eigarane og rimeleg for dei minste. Modell 3 vil kunne innførast med små forskjellar frå dagens betaling. I tillegg er modell 3 er meir robust i forhold til framtidige kommunesamanslåingar.

Modell 3 med følgjande intervall vil gi følgjande eigartilskot:

20 kr for > 20000 innbyggjarar  
22,5 kr for > 5000 innbyggjarar  
32 kr for < 5000 innbyggjarar  
4,7 kr for fylkeskommunen

	kr. pr. innbyggjar	Innbyggjarar	Kontingent 2020	Kontingent 2019	Differanse
Nye Molde	20,00	31976	639 520	656 537	-17 017
Nye Ålesund	20,00	65633	1 312 660	1 293 970	18 690
1505 Kr.sund	20,00	24300	486 000	439 237	46 763
1511 Vanylven	32,00	3187	101 984	97 514	4 470
1514 Sande	32,00	2522	80 704	86 668	-5 964
1515 Herøy	22,50	8965	201 713	190 815	10 897
1516 Ulstein	22,50	8555	192 488	185 668	6 820
1517 Hareid	22,50	5150	115 875	129 758	-13 883
Nye Volda	22,50	10388	233 730	195 186	38 544
1520 Ørsta	22,50	10812	243 270	222 056	21 214
Fjord	32,00	2592	82 944	134 585	-51 641
1525 Stranda	32,00	4587	146 784	120 208	26 576
1528 Sykkylven	22,50	7695	173 138	170 258	2 880
1531 Sula	22,50	9131	205 448	196 384	9 064
1532 Giske	22,50	8292	186 570	182 252	4 318
1535 Vestnes	22,50	6559	147 578	152 112	-4 535
1539 Rauma	22,50	7507	168 908	167 506	1 401
1547 Aukra	32,00	3557	113 824	103 600	10 224
Hustavik	22,50	13233	297 743	306 831	-9 088
1554 Averøy	22,50	5859	131 828	140 992	-9 164
1557 Gjemnes	32,00	2623	83 936	89 064	-5 128
1560 Tingvoll	32,00	3078	98 496	95 604	2 892
1563 Sunndal	22,50	7119	160 178	161 339	-1 161
1566 Surnadal	22,50	5978	134 505	142 271	-7 766
1567 Rindal	32,00	2039	65 248	79 142	-13 894
1573 Smøla	32,00	2172	69 504	80 857	-11 353
1576 Aure	32,00	3593	114 976	103 827	11 149
Fylkeskommunen	4,70	262 875	1 235 513	1 225 292	10 220
Halsa		1571	0	71 793	-71 793
			<b>7 225 060</b>	<b>7 221 326</b>	<b>3 734</b>

### Forslag til vedtak

Modell nummer 3 for eigartilskot med følgjande intervall vert vedtatt:

20 kr for > 20000 innbyggjarar

22,5 kr for > 5000 innbyggjarar

32 kr for < 5000 innbyggjarar

4,7 kr for fylkeskommunen